



Majo Eigedom AS
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1992 - 19/36318

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.12.2019

Ferdigattest - gbnr 141/75 Kvamme nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 730/19

Tiltakshavar: Majo Eigedom AS/ Linn og Stian Stormark
Ansvarleg søkjar: Majo Eigedom AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 17.09.2018. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 29.11.2019 med tilleggsdokumentasjon mottatt 04.12.2019.

Skildring

Adresse:	Stølhaugane 15A (seksjon 1) Stølhaugane 15B (seksjon 2)
Bygningstiltak:	Tomannsbustad
Bygningsnummer:	300705507
Bruksareal:	178
Avlaup:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	2 (eitt i kvar seksjon)

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tomannsbustad på gbnr 141/75.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.



Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1992

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Linn Davidsen Stormark	Stølhaugane 15 A	5911	ALVERSUND
Majo Egedom AS	Lindåsvegen 154	5916	ISDALSTØ
Stian Stormark	Stølhaugane 15 A	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Majo Egedom AS	Lindåsvegen 154	5916	ISDALSTØ
----------------	-----------------	------	----------